

Forskrift om permisjon frå opplæringa i grunnskulen i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 20.06.24 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2.2, 4. ledd.

§ 1. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å sikre lik behandling av søknadar om permisjon, sikre plikt og rett til grunnskuleopplæring og redusere omfanget av fråvær.

Forskrifta famnar om alle elevane i grunnskulen i Fjord kommune

Vilkåra for permisjon er regulert i opplæringslova § 2.2, 4.ledd, Plikt til grunnskuleopplæring

§ 2. Vurdering av kva som er forsvarleg

Elever kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

I vurderinga av når det er forsvarleg å innvilge søknad om permisjon skal rektor ta omsyn til:

- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida, kartleggingsprøver, nasjonale prøver, vurderingar, munnleg og skriftleg eksamen o.l.
- Eleven sin permisjonshistorikk

§ 3. Omfang av permisjon frå pliktig opplæring

Skulen kan gje permisjon frå pliktig opplæring i inntil 10 dagar per skuleår.

Kontaktlærer kan gje permisjon i inntil 3 dagar per skuleår.

Rektor kan gi permisjon i 4-10 dagar per skuleår, men slik at tal permisjonsdagar totalt ikkje overstig 10 dagar i løpet av skuleåret. Ved samanhengande permisjon utover 10 dagar må føresette søke fritak frå opplæringsplikta, og overta ansvaret for opplæringa.

Søknad om permisjon skal grunngjevast og sendast den enkelte skule i fastsett skjema på kommunen si heimeside. Grunngjeving kan til dømes vere spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller familie, eller deltaking ved idretts- eller kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå.

Det kan ikkje reknast med at skulen vil gje eleven ekstra undervisning for å ta igjen for fråværsperioda. Føresette må avtale skulearbeid med lærarane, og sørge for at eleven får den undervisninga som er nødvendig, for at eleven kan følge med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

§ 4. Iverksetting og endring

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024.